



# KLART SPRÅK

## - KORT OG GODT

### Språkprofil i Voss herad

Med klart språk i Voss herad kommuniserer me på mottakar sine premisser for å fremja demokrati og rettstryggleik. Når mottakar forstår bodskapen i det me skriv, skapar me tillit og sparar tid og pengar.

I Voss herad er det offisielle styringsmålet nynorsk. Alle tilsette i alle kommunale organ pliktar å nytta nynorsk skriftspråk i tenesta.

Dialekt er ein vesentleg del av den lokale kulturarven. Me ser det som ei sentral oppgåve å verna om dialekta vår gjennom levande bruk og medviten utvikling. Der det finst valfrie skriftformer, bør me velja den forma som ligg nærast talemålet, og såleis nytta a-infinitiv og former som skule, verta, me og då.



Bruk kollegaer, stavekontroll og ordbøker

### Språklege grep

- Bruk aktivt og direkte språk
- Spar på hjelpeverba
- Unngå substantivering
- Bruk korte setningar og enkle ord
- Bruk synonym for å variera språket
- Bruk ord og uttrykk rett

### Språkstil

- Bruk klart språk (ikkje kansellistil)
- Unngå fagspråk og stammespråk
- Bruk ein høveleg personleg tone
- Ver imøtekomande, venleg og vis respekt for lesaren
- Unngå juridiske formuleringar så langt det er mogleg
- Unngå, eller skriv slang og munnlege uttrykk i hermeteikn
- Bruk humor med stor varsemd, unngå ironi



### Hugs rettskrivingsreglar for

- Stor eller liten bokstav
- Tal – siffer/bokstavar
- Økonomiske tal
- Tid/dato
- Forkortingar
- Punktlistar
- Samansette ord
- Stadnamn

### Kontrollspørsmål

- Er alt innhaldet relevant for mottakaren?
- Kjem bodskapen fram tidleg i teksten?
- Forstår eg kva avsendar forventar av meg?
- Forstår eg kven avsendar er?
- Er teksten lett å lesa?
- Finn eg ord eller formuleringar i teksten som kunne vore enklare?
- Er det brukt fagord eller forkortingar, og er dei forklara?
- Er teiknsetjinga rett?
- Er det skrivefeil i teksten?



Nyttige lenker:  
[www.ordbok.no](http://www.ordbok.no)  
[www.klarsprak.no](http://www.klarsprak.no)  
[www.sprakrad.no](http://www.sprakrad.no)